

Midtsommar-blues med verdsartist

15.06.2011

Ein blues-artist av verdsformat, Rich Harper, spelar i Dønhaugkjedlaren onsdag 22. juni.
Han er ein fantastisk gitarist og liveartist, og han blir sett på som ein av dei beste amerikanske bluesartistane. Han lærte seg å spela gitar ved å lytta til store namn som Clapton, King, Gallagher og Allman, men utvikla sin eigen spelestil etterkvart.

Etter å ha spelt rundt på små stader i Pennsylvania, flytta han til Los Angeles for å finna likesinna og danna Rich Harper Blues Band.

Bandet sine konsertar er valdsomme og nesten utagerande-noko publikum viser å setja pris på.

Dei siste elleve åra har bandet turnert store delar av verda, USA, Australia, Asia og Europa og gitt ut 5 CD-ar. Sverige har stått på plakaten kvart år sidan dei tok Åmål Blues Fest med storm i 2004. I 2008 vitja dei Norge for fyrste gang, og Dønhauglavén var fyrste spelestaden her.

Etter dette har dei turnert kvart år i Noreg,/Sverige og Danmark i juni/juli.

Onsdag kveld er Rich Harper attende på Dønhaug med intimkonsert i Dønhaugkjedlaren, før han dreg vidare til Osøren Blues og Jazz Festival på Os.

Sjølv om konserten er lagt midt i veka, og mange skal på jobb dagen etter, vonar vertskapet at publikum kjenner si besøkelsestid og får med seg denne blues-kvelden. Me kan i alle fall lova ei fantastisk musikkoppleveling.
For meir info. sjå www.richharper.com

Magne Huglen